

---

## KONSEKVENSUTGREIING - KU

---

Vår ref.  
10/1661/AJA

Arkivkode.  
142

Dato.  
19.06.2012

### **KU - AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN, NY RULLERING**



**OS KOMMUNE**

**REVIDERT 19.06.12**

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
<i>Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os</i>	<i>Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56 57 53 16</i>	<i>postmottak@os-ho.kommune.no www.os.hordaland.no</i>	<i>Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312</i>

Vår ref.....	1
Arkivkode.....	1
Dato.....	1
<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
Metode.....	3
Krinsar og tilhørende delområder:.....	3
Bustadområder:.....	3
Hytteområder:.....	4
Naustområder: .....	4
Næringsområder: .....	5
Generelle innspel til sjøområda: .....	5
Båthamner:.....	5
Offentlige formål:.....	5
<b>KONSEKVENSVURDERING AV PLANFORSLAGET I HØVE TIL LANGSIKTIG STRATEGI FOR UTBYGINGSMØNSTER .....</b>	<b>6</b>
<b>NYE BUSTADOMRÅDER.....</b>	<b>8</b>
Krins 1: Osøyro .....	8
Krins 2: Kuven.....	15
Krins 3: Søfteland.....	18
Krins 4: Søre Neset..	21
Krins 5: Søre Øyane .....	29
Krins 6: Nore Neset .....	33
Krins 7: Nore Øyane .....	37
Krins 8: Lysefjorden .....	40
Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane.....	45
<b>NYE HYTTEOMRÅDER: .....</b>	<b>47</b>
Krins 4: Søre Neset .....	47
Krins 6: Nore Neset .....	47
Krins 7: Nore Øyane .....	47
Krins 8: Lysefjorden .....	48
Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane.....	49
<b>NYE NAUSTOMRÅDER OG RORBUER .....</b>	<b>50</b>
Krins 4: Søre Neset .....	50
Krins 5: Søre Øyane .....	50
Krins 6: Nore Neset .....	52
Krins 7: Nore Øyane .....	52
Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>NYE INDUSTRIOMRÅDER .....</b>	<b>53</b>
Krins 1: Osøyro .....	53
Krins 3: Søfteland .....	54
Krins 6: Nore Neset .....	54
Krins 8: Lysefjorden .....	55
Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane.....	56
<b>INNSPEL TIL SJØOMRÅDA .....</b>	<b>57</b>
Krins 6: Nore Neset .....	57
Krins 8: Lysefjorden .....	58
Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane.....	58
<b>BÅTHAMNER.....</b>	<b>59</b>
Krins 4: Søre Neset .....	59
Krins 5: Søre Øyane .....	59
Krins 8: Lysefjorden .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>OFFENTLEG FØREMÅL OG ÅLMENNE INTERESSER.....</b>	<b>60</b>
Krins 1: Osøyro .....	61
Krins 2: Kuven.....	62
Krins 3: Søfteland .....	63
Krins 4: Søre Neset .....	64
Krins 6: Nore Neset .....	64
Krins 7: Nore Øyane .....	64
Krins 2: Kuven.....	66

## **INNLEIING**

Bakgrunn er "Forskrift om konsekvensutredning" datert 01.04.2005, vedtatt av Miljøvern-departementet. Formålet med forskriften er å sikre at omsyn til miljø, naturressurser og samfunn blir vurdert i samband med planar eller tiltak, og korleis planar eller tiltak skal gjennomførast.

## **Metode**

Ein har tatt utgangspunkt i delområde etter SSB sin standard, som igjen er slått saman til 9 krinsar. Forslag til endringar i arealplanen, er sortert temavis og krinsvis. Dette for lettare å kunne danne seg et bilde av kva som er foreslått endra i kvar krins.

Innspel som medfører vesentlege endringar i arealdelen, er med i konsekvensutgreiinga. I tillegg er det tatt med mindre justeringar i planen som ikkje er konsekvensutgreia. Desse er lista opp i starten av kvar krins, med ei kort forklaring.

Til grunn for konsekvensutrgreiinga er det utarbeida ei sjekkliste (vedlegg 1) over aktuelle punkt som skal vurderast nærmere. Lista er ikkje uttømmande. ROS-analysen inngår som ein del av konsekvensutgreiinga.

Naturmangfoldslova, i kraft frå 2009, stillar strengare krav til utgreiing av konsekvensar for naturmangfald enn tidlegare. Det er utarbeida eit eige notat som tek føre seg kunnskapsgrunnlaget, konsekvensar for enkeltområde og samla konsekvensar. Funn herfrå er ført inn i gjennomgangen av enkeltområda i dette dokumentet.


## **Krinsar og tilhørande delområder:**

- 1 Osøyro, del av delområde 0305 og delområde 0306, 0307, 0308, 0404, 0405, 0406, 0407
- 2 Kuven, delområde 0301, 0302, 0303, 0304 og del av 0305
- 3 Søfteland, delområde 0101, 0102 og 0103
- 4 Søre Neset, delområde 0208, 0209 og 0210
- 5 Søre Øyane, delområde 0202 og 0203
- 6 Nore Neset, delområde 0204, 0205, 0206 og 0207
- 7 Nore Øyane, delområde 0201
- 8 Lysefjorden, delområde 0104, 0105 og 0106
- 9 Hegglandsdalen og Indregardane, delområde 0401, 0402 og 0403

## **Bustadområder:**

Ut frå ein årleg vekst på 2,5 % i folketallet er det estimert eit behov for omlag 2100 nye bustader i planperioden. I kommuneplanen er 8745 daa vist som eksisterande bustadareal. Innanfor dette ligg det ein del som ikkje er utbygd og ein del som har lav utnyttingsgrad med potensial for fortetting. I framlegg til ny plan ligg det inne 1682 daa nytt bustadareal (merka som "framtidig" i plankartet). Det er lagt inn ein del nye bustadområde, slik at ein opprettheld ein god buffer på bustadareal. Det som er vist som framtidig bustadareal er nye områder i høve til gjeldande planstatus. Den nye planen er betre tilpassa behovet i kvar krins enn gjeldande plan. Tala for Osøyro krins er ikkje justert for framtidig utbygging på Bjånes, her skal det lagast eigen kommunedelplan. Bustadarealet fordeler seg slik over krinsane.

Krins	Eksisterande areal	Framtidig areal (daa)	Totalt areal (daa)	LNF-spreidd (daa)	LNF-bustader (antal)
1. Osøyro	1 907	129	2 036		
2. Kuven	754	44	798		
3. Søfteland	888	71	959	87	4
4. Søre Neset	1 317	260	1 577		
5. Søre Øyane	830	47	877		
6. Nore Neset	1 272	70	1 342		
7. Nore Øyane	599	63	662	179	10
8. Lysefjorden	862	630	1 492	69	6
9. Hegglandsdalen	171	19	190	775	38
	<b>8 600</b>	<b>1 333</b>	<b>9 933</b>	<b>1 490</b>	<b>58</b>



For kvar krins er det først eit oversiktskart og ein tabell som viser alle endringar og justeringar. Det er òg ein generell del der hovudutfordringane er lista opp.

### Hytteområder:

Når det gjeld hytteområder er det for det meste justering og mindre utviding av eksisterande hytteområder. Det er lagt inn eit stort nytt hytteområde på Skorpo i samsvar med eigen reguleringsplan. Det er lagt inn eit lite "LNF-ja til 3 hytter" felt ved Austre Hølen.

### Naustområder:

Det er i planforslaget foreslått en del nye områder til naust, dette er for det meste utviding av eksisterande naustområder, i samsvar med godkjente frådelte nausttomter. Det er lagt inn nye naustområde ved Hauglandssjøen, ved Skitnevågen, ved Lepsøy og ved Skavhedlo. I tillegg er

ein del eksisterande naustområder lagt inn. Nokre områder med gamle frådelte nausttomter er òg lagt inn.

### **Næringsområder:**

Dei fleste nye industriområda som er lagt inn, ligg i tilknytning til eksisterande industriområdet, og er såleis ei naturleg utviding av desse. På førehand vart det gjort ei vurdering av kva industriområder som kunne vere aktuelt å utvide. Det er lagt inn eit nytt, lite industriområde ved Lundetræ. Det har skjedd ei utbygging i eksisterande industriområde, både i Ådnadalen og på Heggland. Tilgjengeleg industriareal er litt auka.

### **Generelle innspel til sjøområda:**

Det er aukande press på sjøarealet i kommunen. Oppdrettsanlegga har stadig behov for større areal. På den andre sida er sjøarealet stadig viktigare til rekreasjon, friluftsliv og for reiselivsnæringa. Kommunen ønskjer å vurdera nye område for større havgåande anlegg for å få vekk eksisterande anlegg i den indre skjergarden.

### **Båthamner:**

Det er i planforslaget foreslått ei rekke nye områder til småbåthamner. Nye områder er lagt til områder med eksisterande båtplassar og som taler ei utviding. Ein har i tillegg lagt vekt på at områda har, eller lett kan få, tilgang på veg og infrastruktur.

### **Offentlige formål:**

Behovet for areal til offentleg føremål er stort, for å møta den store folkeauken som er venta i kommunen. Det meste av det som er sett av til offentleg føremål er alt bygd ut, så det er eit etterslep på behov for areal til offentleg føremål. Det er lagt inn areal for utviding av Kuventræ og Nore Neset gravplass. Det er lagt inn areal for utviding av Kuvnetræ og Nore Neset skule. Det har vore ei prioritert oppgåve å finna areal for ein ny skule og ny brannstasjon sentralt plassering. Planen viser 5 aktuelle tomter for ny skule aust om elvo, høyringa vil vere utslagsgjevande for endeleg val. Viser elles til eigen skulebruksplan. I tillegg er det lagt inn ei rekke områder til nye barnehagar. Det er lagt inn eit større areal på Søfteland til framtidig idretts- og aktivitetspark.

## KONSEKVENSVURDERING AV PLANFORSLAGET I HØVE TIL LANGSIKTIG STRATEGI FOR UΤBYGINGSMØNSTRE

Kriteriane som låg til grunn for strategikartet var følgjande:

- Nærleik til kollektivtilbod
- Sentralitet (gjennomsnittleg reisetid til sentrale målpunkt)
- Minimalisering av konflikt med grøne interesser
- Byggje opp under eksisterande busetnadsstruktur, i staden for å punktere samanhengande LNF-område


Strategikartet vart utarbeida som ein reiskap for å oppnå samaordna areal- og transportplanlegging i kommunen. Dei fleste områda bør ligge innanfor kjerneområde for utvikling, men i nokon grad kan ein og akseptere byggeområde utanfor. I kor stor grad planforslaget har lukkast med å følgje strategien, visest på kartet nedanfor og i vurderinga av korleis gjennomsnittleg reisetid blir påverka som følgje av planforslaget.

### Konsekvens for gjennomsnittleg reisetid til sentrale målpunkt

	Gjennomsnittleg reisetid til Osøyro	Gjennomsnittleg reisetid til Flåten senter	Gjennomsnittleg reisetid til Rådalen (dvs. eit mål på nærleik til Bergen)
Dagens busetnad	5,45 minutt	5,51 minutt	14,68 minutt
Full utbygging av planforslaget, samla tal for all busetnad <sup>1)</sup>	5,68 minutt	5,57 minutt	14,43 minutt


<sup>1)</sup> Det er ikkje teke høgde for ei eventuell utbygging på Bjånes. Den vil kunne snu konklusjonen.

Vi ser at det er små utslag på total-bildet. Planforslaget bidreg til at "Os kjem litt nærmare Bergen", medan gjennomsnittleg reisetid til Osøyro og Flåten aukar marginalt.



## NYE BUSTADOMRÅDER

### Krins 1: Osøyro



**Generelt:** Delområde 1, Osøyro, er kommunesenter i Os og det er stort press på nye bustader i området. Delar av tidlegare næringsareal i sentrum er gjort om til bustad. Det pågår arbeid med eigen kommunedelplan for sentrum.

Os barneskule har begrensa kapasitet, det er planar om utviding/ flytting. Os skule har i følgje utrekningane kapasitet til å ta imot 285-360 elevar, med føresetnad om at noko allment læringsareal blir tilbakeført til spesialisert læringsareal. Skulen har dobbel gymsal som den delar med Os ungdomsskule. Os ungdomsskule har kapasitet til å ta imot 250-315 elevar, under føresetnad av at noko spesialisert læringsareal gjerast om til allmeint læringsareal. Skulen har eigen gymsal, i tillegg nytte dei gymnastikksal på Os barneskule. Ved større utbygging kan det også bli problem med skulekapasitet på Søre Neset så lenge delar av Os krins går til Søre Neset. Det er barnehage i Os sentrum og på Ytre Moberg.

Når det gjeld vassforsyning er det planlagt nytt høgdebasseng på Hjelle, opprustning av vassleidning frå Stølsvegen til Hauge og ny vassforsyning til Hatvik i slutten av planperioden. Når det gjeld avlaup er det planar om å byggje nytt hovudavlaupsreinseanlegg ved Kuhnlevika og samle eksisterande anlegg i eit nytt stort. Den langsigktige fellesdelen legg opp til at det i planperioden skal byggjast 760 nye bueiningar innan krinsen. Tilgjengeleg areal til bustadbygging i framlegg til ny arealplan er 580 daa.

#### **Godkjente reguleringsplanar:**

**Berge:** Området er LNF, opna for spreidd bustadbygging, i gjeldande arealplan. Det er utarbeida og godkjent reguleringsplan for del av området. Dette området er lagt inn som eksisterande og framtidig byggjeområde for bustad i samsvar med reguleringsplanen.

#### **Stad: Mobergslia**

Nåværende arealkategori	Framtidig arealkategori	Antall daa	Område
LNF og offentleg føremål	Bustad, fram./eks.	52	1.B01

**Beskrivelse av området:** Størstedelen av området er LNF-område i gjeldande plan, men det ligg fleire frådelte tomter i området. Øvre del er sett av som byggjeområde til offentleg føremål i gjeldande arealplan. Området ligg mellom eks. bustad nord for Solbakken og strekkjer seg oppover ei relativt bratt li. Egedommen 50/39 vart etablert i 2005 og lagt inn som bustad ved førre rullering, men vart trekt ut igjen under meklingsmøtet. Området langs Solbakken er spredt utbygd. Øvre del ligg ovanfor eks. offentlege bygningar. Det ligg 3 eksisterande bustadhus innan dette området, desse er sett av som eks. bustadområde.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Del av området er godkjent frådelt hovudbruket i 2005. Området består av innmarksbeite og blandingsskog. Øvre del er ein egedomsteig. Ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det går eks. tursti gjennom området opp til Liafjellet, som er eit mykje brukt og sentrumsnært frilufts- og tur-område.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Solbakken, som er ein kommunal veg, men utan fortau. Øvre del har i dag tilkomst frå Mobergslia, som er ein kommunal veg, men utan fortau og smal og bratt. Det kan vera aktuelt å byggja ny veg til Mobergslia gjennom området. Når det gjeld skuleveg er det nokre flaskehalsar som bør utbetraast, det er Fylkesvegen frå Bedehuset til Nilsavegen og første del av Nilsavegen ink. eks. undergang under E39 som er smal og uoversiktleg. Bør ha med krav om trafikksikringstiltak her. Det ligg offentleg leidningsnett i nærlieiken, men lite kapasitet på eks. vassforsyning til sløkkevatn til Mobergslia. Os skule har begrensa kapasitet. Det er ikkje barnehage i nærlieiken. Dårleg vasstrykk til Mobergslia.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast heilt fram til brannfarleg skog. Sløkkevatn må dimensjoneras tilrekkeleg også for skogbrann.

	Området ligg i ei bratt li. Geologiske tilhøve bør vurderast. Eks. tilkomst er bratt og kan vere vanskelig vinterstid.
--	--

**Vurdering:** Del av området er satt av som byggjeområde til offentleg føremål i gjeldande plan. Tursti gjennom området må ivaretakast. Ønskjer å utvida bustadareal som er foreslått lagt inn i planen for å kunna leggja inn ny veg opp til Mobergslia. Behov for trafikksikring av skuleveg. Krav om reguleringsplan. Det må gjennomførast geologisk vurdering av stabilitet før utbygging. Eksisterande hus i same området er lagt inn som eksisterande bustadområde.

<b>Stad: Olavegen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	1	1.B2

**Beskrivelse av området:**

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er ei minimal utviding av eksisterende bustadfelt. Området er ein del av eksisterande landbruksområde, men er ikkje merka som del av kjerneområde landbruk. Åkerrikse (kritisk trua) observert i nærleiken.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Inga konflikt avdekkta.
<b>Infrastruktur</b>	Eksisterande infrastruktur vert nytta.
<b>ROS</b>	Inga vesentlege faremoment avdekkta.

**Vurdering:** Området vert teke inn i planforslaget. Det bør gjerast ei samla vurdering av kva som er dei viktige delane av økosystemet for åkerriksa før området bebyggast.

<b>Stad: Greidalen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
Friområde	Bustad, framtidig	7	1.B03

**Beskrivelse av området:** Området grensar til eks. bustadfelt Brothaugen. Området er regulert til landbruk og har vore nytta av Hauge planteskule, men er ikkje lenger i bruk til dette føremålet. Området ligg som framtidig friområde i arealdelen til kommuneplanen.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er fulldyrka jord elles ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Området er eit ope område mellom eks. bustadområder.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Brothaugen, som er ein kommunal veg, med fortau. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Os skule har begrensa kapasitet. Det er barnehage i nærleiken.
<b>ROS</b>	Det er ingen kjente risikomoment til området.

**Vurdering:** Del av innspelet, nærmest Brothaugen er lagt inn i planen. Resten skal liggja som del av ein overordna grøntstruktur. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Os forvaltningsstyre godkjent 12.12.2002 oppstart av reguleringsarbeid for eigedomen.

<b>Stad: Kvernelva</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad, framtidig	8	1.B04

**Beskrivelse av området:** Området er sentrumsnært. Området er regulert til landbruksføremål i reguleringsplanen for Kvernelva – Granlia. Området er bygd inne av bustadar og er ikkje lenger godt eigna til landbruksføremål. Området består av innmarksbeite.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er eit gamalt kulturgeite, elles ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Området er eit ope område mellom eks. bustadområder, men har vore eit kulturgeite. Generelt er det lite leikeareal i dei gamle sentrumsnære bustadområda. Det bør setjast av rikeleg areal til leik i dei nye områda som blir opna for utbygging nær sentrum.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Kuvenbakken, som er ein kommunal veg, men utan fortau. Det går ein gangsti frå området og ned mot sentrum og skule. Os barneskole har pr. i dag begrensa kapasitet til å ta imot venta befolkningsvekst Det er barnehage i nærleiken.
<b>ROS</b>	Ligg på tynn morenemasse, på kant mot bekkedrag. Krav om geologisk undersøking. Ein bør vurera behov for fortau i området.

**Vurdering:** Området er sentralt plassert. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Krav om reguleringsplan.

**Stad: Vallaelva**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Næring og bustad, f.	6	1.B07

**Beskrivelse av området:** Området ligg på ein liten rygg mellom Hegglandsdalsvegen og Vallaelva. Området består av innmarksbeite og lauvskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er lagt inn ein god buffer mot Vallaelva som friluftsområde. Elles ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Hegglandsdalsvegen, som er ein fylkesveg, Det er fortau langs området. Når det gjeld skuleveg manglar det fortau langs Hegglandsdalsvegen frå Borgavegen og fram til Hatvikvegen. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Os barneskole har begrensa kapasitet til å ta imot venta befolkningsvekst Det ligg barnehage i nærleiken.
<b>ROS</b>	Ligg på morene, kant mot skrent mot elv. Krav om geologisk undersøking. Vil måtte nytte trafikkfarleg fylkesveg mot Osøyro. Nytt industriområde 1.I13 føreslått som nabo, støytihøve må avklarast i reguleringsplan.

**Vurdering:** Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Det må etablerast fortau langs Hegglandsdalsvegen frå Borgavegen og fram til Hatvikvegen. Krav om reguleringsplan.

**Stad: Hauge**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad, framtidig	17	1.B08

**Beskrivelse av området:** Området er sentrumsnært. Største delen av området ligg inneklemt mellom Hatvikvegen om området som er sett av som eksisterande bustadområde i gjeldande arealplan. Området består av fulldyrka og overflatedyrka jord og lauvskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er ikkje del av kjerneområde for landbruk. Ingen kjente kulturminner i områder, men fleire kulturminner i området rundt.

<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området, men området ligg som ei grøn lunge mellom Hatvikvegen og eksisterande busetnad.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Solstrandsvegn, som er ein kommunal veg. Når det gjeld skuleveg er det trygg skuleveg ned mot Os skule. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Os barneskole har begrensa kapasitet til å ta imot venta folkevekst Det er barnehage i Os sentrum.
<b>ROS</b>	Nærleik til Hatvikvegen som er ein riksveg. Støyvurdering.

**Vurdering:** Området er sentralt plassert. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. Skulevegen er relativt trygg. Ved utbygging må ein ta omsyn til evt. kulturminne. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Klyva</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	39 / 5	1.B09

**Beskrivelse av området:** Området er spredt utbygd. Frå før er ca. 43 daa av eigedomen er bandlagt etter lov om naturvern. Området som er foreslått som nytt byggjeområde for bustad består av litt fulldyrka jord, lauvskog, blandingsskog og noko uproduktiv skog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området grensar inn til kjerneområde for landbruk. Den gamle Postvegen går ovanfor området, elles ingen kjente kulturminner innan området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Hatvikvegen, som er ein riksveg, men utan fortau. Når det gjeld skuleveg må det lagast fortau langs Hatvikvegen bort til Midtbøvegen. Det ligg ikkje offentleg leidningsnett i nærleiken, dette er planlagt mot slutten av planperioden. Området soknar til Os skule, som har begrensa kapasitet, området kan bli overført til Hegglandsdalen skule, som har litt kapaistetsreserve. Vatn til brannslokking må sikrast.
<b>ROS</b>	Bratt skrent ovanfor området; Skredfarene bør vurderast. Området ligg eksponert mot Hatvikvegen som her manglar tilrettelegging for myke trafikantar – Det vert stilt krav om gang/sykkelveg og støytiltak.

**Vurdering:** Innspelet i sør vert lagt inn i planen. Området har behov for meir bustadareal. Området bør vurderast i samanheng med at det skal lagast ein eigen kommunedelplan for Bjånesområdet. Offentleg leidningsnett må forlengast fram til utbyggingsområdet, saman med gang- og sykkelveg. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Hatvik (?)</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad,	5	1.B10

**Beskrivelse av området:** Området er spredt utbygd. Det ligg alt 4 frådelte og bebygde bustadtomter innanfor området. Del av område mellom bustadområdet og sjøen er foreslått som næringsareal. Området består av overflatedyrka jord, barskog, lauvskog og uproduktiv skog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder, men det ligg nokre gamle skytestillingar frå krigen på Hatvikneset.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området utanom at tilkomst til Hatvikneset må sikrast.

<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Hatvikvegen, som er ein riksveg, men utan fortau. Når det gjeld skuleveg må det lagast fortau langs Hatvikvegen. Det ligg ikkje offentleg leidningsnett i nærleiken, dette er planlagt mot slutten av planperioden. Området soknar til Os skule, som har begrensa kapasitet, området kan bli overført til Hegglandsdalen skule, som har litt kapaistetsreserve.
<b>ROS</b>	Nærleik til næringsområde og vatn til brannslokking.

**Vurdering:** Innspelet vert lagt inn i planen. Området bør elles vurderast i samanheng med at det skal lagast ein eigen kommunedelplan for Bjånesområdet. Offentleg leidningsnett bør forlengast fram til utbyggingsområdet, saman med gang- og sykkelveg. Krav om reguleringsplan. Tilkomst til Hatvikneset og ev. kulturminner i området må ivaretakast.

<b>Stad: Eidsvegen/Berge</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF/bustad	Bustad	12,9	1.B15 (a)

#### **Beskrivelse av området:**

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg ikkje i nærleiken av kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Hatvikvegen, som er ein riksveg, men utan fortau. Når det gjeld skuleveg må det lagast fortau langs Hatvikvegen. Det ligg ikkje offentleg leidningsnett i nærleiken, dette er planlagt mot slutten av planperioden. Området soknar til Os skule, som har begrensa kapasitet, området kan bli overført til Hegglandsdalen skule, som har litt kapaistetsreserve.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Ein bør opparbeide gang/sykkelveg langs Hattvikvegen.

**Vurdering:** Innspelet til B15a vert lagt inn i planen. B15b er allereie regulert og reknast som eksisterande. B15c er teke ut av planen etter motsegn. Offentleg leidningsnett bør forlengast fram til utbyggingsområdet, saman med gang- og sykkelveg. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Hjelle</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	6	1.B21

#### **Beskrivelse av området:** Området er ei lita utviding av eksisterande byggefelt på Hjelle.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er inga kontakt mellom denne utvidinga og registrerte verdiområde.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er inga kontakt mellom denne utvidinga og registrerte verdiområde.
<b>Infrastruktur</b>	Tilkomst frå Borgavegen. Dårleg skuleveg, men ikkje spesifikt knytt til dette området. Ny skule aktuelt i nærleiken.
<b>ROS</b>	Det er ikkje avdekka spesielle faremoment i området.

**Vurdering:** Innspelet er ei relativt uproblematisk utviding av eksisterande bustadområde og vert lagt inn i planen.

<b>Stad: Hjelle</b>			
Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	3,5	1.B22


**Beskrivelse av området:** Ei utviding av eksisterande bustadområde på Hjelle.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området ligg i kanten av eit større verdiområde fra naturtypekartleggingen, merka med B-verdi. Naturtypen er til dels gammal svartorskog, med sannsynlegheit for funn av raudlisteartar. Det er inga funn av kulturminne eller landbruksinteresse.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert spesielle friluftslivsinteresser.
<b>Infrastruktur</b>	Vil nytte eksisterande avkjørsle frå Hegglandsdalsvegen. Dårleg skuleveg, ikkje spesielt for denne utvidinga.
<b>ROS</b>	Feltet er dels bratt og ligg på tynn morene. Nedre del synest uaktuelt for utbygging. Øvre del bør også undersøkast og evt sikrast før utbygging.

**Vurdering:** Dette er ei lita utviding av eksisterande bustadfelt på Hjelle. Utvidinga skjer inn mot B-verdiområde både for friluftsliv og naturtype. Nedre del av området bør ikkje bebyggast grunna brattleiken. Øvre del bør undersøkast for lausmassar og raudlisteartar før det leggast ut.

## Krins 2: Kuven



**Generelt:** Skulekapasitet på Kuventræ skule er relativt god. Kuventræ skole har kapasitet til å ta imot 170-215 elevar, og vil med dette elevtalet ha greitt med både allment og spesialisert læringsareal. Skulen nyttar Os idrettshall til kroppsøvingsundervisning, og har gode tilhøve der.

Det ligg fleire barnehagar i krinsen. Krinsen er godt utbygd med offentleg leidningsnett.

<b>Stad: Nygård</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	12	2.B3

**Beskrivelse av området:** Området grensar inn til område som er avsett til bustadbygging i gjeldande plan. Innan området ligg 3 frådelte tomter, 2 med hus på. Området består av fulldyrka jord, uproduktiv skog og innmarksbeite.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Området omfattar hovudhuset på garden. Resten av eideomen blir liggjande utan hus.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Nymarkvegen, som er ein kommunal veg, utan fortau. Når det gjeld skuleveg er den likevel forholdsvis trygg. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken.
<b>ROS</b>	Ligg i gul støysone frå E39. Støytiltak bør vurderast i reguleringsplan. Det er ingen andre kjente risikomoment til området.

**Vurdering:** Området er ei mindre utviding av eksisterande byggjeområde for bustad.

<b>Stad: Kuventræ</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	22,5	2.B5

**Beskrivelse av området:** I gjeldande reguleringsplan for Kuventræ I er arealet regulert til landbruksføremål. Del av arealet ligg mellom gravplassen og sentralidrettsanlegget på Kuventræ. Nedre del grensar inn til næringsarealet til Brødrene Borgen. Området består av fulldyrka lettbrukt jord og barskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området ligg inneklemt mellom næringsverksemd, hus og andre aktivitetar og er ikkje lenger godt egna til landbruksføremål. Åkerrikse observert ved Ulenvatnet.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Kuventræ sentralidrettsanlegg og badeanlegg ligg rett i nærleiken.
<b>Infrastruktur</b>	Del av området grensar inn mot Kuventræ gravplass. Tilkomst til Brødrene Borgen sitt næringsareal går imellom gravplassen og framtidig bustadområdet.
<b>ROS</b>	Noko støy frå E39, skytebane og flyplass. Tiltak bør vurderast i reguleringsplan. Sikre godt skilje mellom bustad og næring.

**Vurdering:** Os kyrkjekontor ønskjer at 54/11 og 54/26 (merka som hhv B5a og B5b) blir sikra til framtidig kyrkjegardsområde for utviding av Kuventræ gravplass. 54/11 (B5a), 12 (B5c) og 26 (B5b) er lagt inn som framtidig byggjeområde for bustad. To eksisterande hus er lagt inn som eksisterande bustadområde. Det bør gjerast ei samla vurdering av kva som er dei viktige delane av økosystemet for åkerriksa før området bebyggast.

<b>Stad: Banktjørnhaugen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad, eksisterande	4	2.B6


**Beskrivelse av området:** Området består av to frådelte tomter ved Banktjørna. Området består av barskog og blandingsskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminner innan området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Området er del av området rundt Banktjørna, som er eit mykje nytt sentrumsnært friluftsområde. Dei to små utvidelsane ligg begge akkurat utanfor det som er vist som avgrensning av Osvassdraget.
<b>Infrastruktur</b>	Når det gjeld skuleveg er denne forholdsvis trygg, må krysse E39 i oppmerka gangfelt. Det ligg offentleg leidningsnett i nærleiken. <b>Kuventræ barneskule</b> har kapasitet til å ta imot venta befolkningsvekst.
<b>ROS</b>	Området rundt Banktjørn er kjent for dårlige grunnforhold. Støy frå Byvegen, det blir truleg aktuelt med støytiltak.

**Vurdering:** Det er viktig å sikre samanhengende grønstruktur rundt Banktjørna og tilkomst til Prestegardsskogen som er eit viktig rekreasjonsområde for sentrale delar av Os. Dette området består av frådelte bustadtomter og øvre del er del av bustadområdet. Tilkomst må sikrast i reguleringsplan.

### Krins 3: Søfteland



**Generelt:** Krinsen har både barneskule og ungdomsskule. Søfteland skule har kapasitet til å ta imot 225-280 elevar. Med dette elevtalet vil skulen ha godt med både allmeint og spesialisert læringsareal. Skulen har ein gymsal, men kapasiteten er for liten. Når det gjeld vassforsyning pågår det arbeid med omlegging av hovudvassforsyning. Hovuddrikkevasskilda til kommunen er fortsatt Krokvatnet, men det skal byggjast nytt vassbehandlingsanlegg ved Skogafjellet. Det er ikkje planlagt trykkforsterkning mot Langedalen i planperioden. Når det gjeld avlaup, er det planlagt ny pumpestasjon ved Storestraumen for å ta del av den planlagde utbygginga i Hjellemarka.

#### **Mindre endringar:**

**Eikhaugen:** Søknad om utviding av bustadtomt 8/444. Området er ei eksisterande bustadtomt som grensar inn mot eit friområde. Bustadtomta blir utvida til å omfatte del av friområde som naturleg hører til tomta.

**Jessadalen:** Bustadområde på 8/8. Området er LNF-område i gjeldande plan, men regulert som eigen reguleringsplan og bygd ut som bustadområde.

**Mødalshaugen:** Starta reguleringsarbeid for området. Arealplanen er justert i samsvar med reguleringsplanen. Detaljane blir avklart gjennom arbeidet med reguleringsplanen.

#### **Stad: Sælen**

Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	22	3.B2

**Beskrivelse av området:** Søndre del av området grensar inn til område som er sett av til bustad i gjeldande plan. Ca. 300 meter strandlinje mot Oselva. Mogeleg konflikt med hjortetrekk. Området består av overflatedyrka jord, fulldyrka jord, uproduktiv skog og lauvskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst frå Gåssandvegen, som er ein kommunal veg. Gåssandvegen er lang og smal. Kryss med E39 er därleg. Når det gjeld skuleveg er den likevel forholdsvis trygg. Det ligg offentleg vatn, men ikkje kloakk i nærleiken.
<b>ROS</b>	Kryss mellom Gåssandvegen og E39

**Vurdering:** Søre del, som grensar inn til område som er sett av til bustad i gjeldande plan, vert lagt inn i planen. Gåssandvegen og kryss mellom Gåssandvegen og E39 bør utbetraast før vidare utbygging. Krav om reguleringsplan.

#### **Stad: Gåsakilen**

Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	16	3.B3

**Beskrivelse av området:** Området grensar inn til eit område som vart sett av til bustad for førre rulling. Området består av barskog, myr og myr med barskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området grensar inn til den gamle Postvegen, elles ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Den gamle Postvegen er ein mykje brukt tursti, elles er det ingen kjente friluftsinteresser i området. Området grensar elles ned mot

	Gásakilen, som er ein del av Oselvvassdraget.
<b>Infrastruktur</b>	Området må få ny/utvida bruk av tilkomst til E39. Når det gjeld skuleveg er den likevel forholdsvis trygg, det går gang- og sykkelveg langs E39 fram til skule og barnehage. Ved stor utbygging i krinsen, kan det bli kapasitetsproblem på skulen. Det ligg ikkje offentleg leidningsnett i nærlieken. God tilgang til kollektivtransport tel positivt for forslaget.
<b>ROS</b>	Nytt kryss mellom utbyggingsområdet og E39. Skogbrannfare i nærlieken; Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann.

**Vurdering:** Området vert lagt inn i planen. Ein må leggje inn naudsynt buffer mot Gásakilen og den gamle Postvegen. Krav om regulrinsplan. Det må opparbeidast tilfredsstillande nytt kryss med E39.

<b>Stad: Langedalen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	6+4	3. B21 (a+b)

**Beskrivelse av området:** Føreslått byggefelt er ei lita utviding av eksisterande bustadområde i Langedalen.


**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Inga viktige verneverdiar oppdaga i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Utvidelsen råkar ingen kjende verdiområde. Mykje skog rundt.
<b>Infrastruktur</b>	Bilvegen er smal, bratt og utan fortau. VA ukjend.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast også for skogbrann. Noko lang responstid.

**Vurdering:**

Området er lagt inn i planen.

## Krins 4: Søre Neset



**Generelt:** Ved større utbygging kan det bli problem med skulekapasitet så lenge delar av Os krins (Ytre Moberg) går til Søre Neset. Søre Neset skule har kapasitet til å ta imot 130-165 elevar. Med dette elevtalet vil skulen ha godt med både allmeint og spesialisert læringsareal. Skulen har ny og fin gymsal, med god kapasitet. Halhjem barnetun har kapasitet til å ta imot 55-70 elevar. Skulen har ingen spesialrom, men allrommet/praksisrommet kan nyttast til ulike aktivitetar. Krinsen har barnehage på Haugland og Halhjem.

For å sikre trygg vassforsyning til Hahjemsmarka er det planlagt vassbasseng i åsen mellom Halhjemsmarka og Bjørnen. Det er òg planlagt å leggje vassleidning ut til Ramsholmen, som skal vidareførast til Søre Øyane i slutten av planperioden for å få eit ringsystem på vassforsyninga. Når det gjeld avløp er det lagt avskjerande leiningar for området ved Hauglandssjøen og Særvoll. Det er planlagt å overføre avlaupet frå reinseanlegget i Lekvenvågen til nytt sentralreinseanlegg.

Stad: Vågadalen	Lekven		
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad, fram/eks.	14	4.B1

**Beskrivelse av området:** Områda grensar inn til område som er avsatt til bustad og ligg sentralt på Søre Neset. Området består av litt innmarksbeite, lauvskog, myr med lauvskog, barskog og blandingsskog.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området. Solforhold på nedre del må vurderast særskild.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst via Ferstadvegen, som bør utbetraast før vidare utbygging i området. Ved større utbygging kan det bli problem med skulekapasitet så lenge delar av Os krins (Ytre Moberg) går til Søre Neset. Eksisterande kryss med E39 (Lekven/Lunde) er ikkje fullgodt.
<b>ROS</b>	Det er ingen kjente risikomoment til området.

**Vurdering:** Del av innspelet vert lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

Stad: Lunde /	Torkjeldsvegen		
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	35	4.B2

**Beskrivelse av området:** Området er LNF-område i gjeldande arealplan. Området grensar inn til område sett av som byggjeområde for bustad og ligg tett opp til Søre Neset skule. Det er godt utbygd infrastruktur i området. Området består av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, lauvskog og uproduktiv skog.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Del av området er del av eit samanhengande landbruksområde og litt innanfor kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Tilkomst til Vargavågen og Katlaberget går gjennom området, som er eit mykje nytta turområde.
<b>Infrastruktur</b>	Ved større utbygging kan det bli problem med skulekapasitet så lenge delar av Os krins (Ytre Moberg) går til Søre Neset. Er bygd ny barnehage i nærleiken. Eksisterande kryss med E39 (Lekven, Lunde) er ikkje fullgodt. Torkjeldsvegen må utbetraast og det må lagast fortau langs vegen.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente

	risikomoment i området.
--	-------------------------

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan. Det vert lagt inn som rekkefølgjekrav at det skal opparbeidast fortau langs Torkjelsvegen. Buffersone mot landbruk på om lag 30 meter som følger terreng. Skal området sikrast som landbruksområde, eller kan ein sikre kulturlandskapet ved å legge inn grøne korridorar ?

#### Stad: Sjøsdalen

Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	8	4.B3

**Beskrivelse av området:** Området er LNF-område i gjeldande arealplan. Området grensar inn til område sett av som byggjeområde for bustad og ligg nokså nære Søre Neset skule. Det er godt utbygd infrastruktur i området. Området består av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, lauvskog og uproduktiv skog.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
Natur, kultur, landbruk	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg utanfor det området som er definert som kjerneområde for landbruk. Men fylkeslandsbruksstyret vurderer området å vere eit variert kulturlandskap med stadvis særskilte kvalitetar.
Friluftsliv, helse, barn og unge	Tilkomst til Vargavågen og Katlaberget går gjennom området, som er eit mykje nytta turområde.
Infrastruktur	Ved større utbygging kan det bli problem med skulekapasitet så lenge delar av Os krins (Ytre Moberg) går til Søre Neset. Er bygd ny barnehage i nærleiken. Eksisterande kryss med E39 (Lekven, Lunde) er ikkje fullgodt. Torkjeldsvegen må utbetraast og det må lagast fortau langs vegen.
ROS	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan. Det vert lagt inn som rekkefølgjekrav at det skal opparbeidast fortau langs Torkjelsvegen.

#### Stad: Ytre Haugland

Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	10/4	4.B5

**Beskrivelse av området:** Området grensar inn til frådelte bustadtomter på ei side og landbruk på dei andre sidene. Området består av litt fulldyrka og overflatedyrka jord og mest innmarksbeite.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
Natur, kultur, landbruk	Det er ingen kjente kulturminner i områder.
Friluftsliv, helse, barn og unge	Del av området er brukt som skibakke om vinteren. Det er elles ikkje registrert andre friluftsinteresser innan området.
Infrastruktur	Ved større utbygging kan det bli problem med skulekapasitet så lenge delar av Os krins (Ytre Moberg) går til Søre Neset. Er bygd ny barnehage i nærleiken. Eksisterande kryss med E39 (Haugland) er svært därleg og uoversiktleg.
ROS	Det er ingen kjente risikomoment til området.

**Vurdering:** Eksisterande frådelte og bebygde tomter er lagt inn som eksisterande bustadareal. Krav om reguleringsplan for framtidig byggjeområde for bustad. Sikre skibakke og grøntstruktur.

**Stad: Stordalen, Halhjem**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	26/10	4.B6

**Beskrivelse av området:** Området ligg nære Grødalshaugen. Del av 44/5 er sett av til bustad i gjeldande plan. Området er ei utviding av eksisterende byggjeområde. Totalt framtidig byggjeområde som vist i ny plan er 36 daa. Området består av barskog og uproduktiv skog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det ligg fleire kjente kulturminner rundt området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området. Området ligg nært til Grødalshaugen og Vargavågen som er eit mykje nytta turområde.
<b>Infrastruktur</b>	Området har tilkomst frå Bjørnavegen, som er ein kommunal veg. Det må etablerast fortau langs Bjørnavegen frå Halhjemsmarka og fram til tilkomstvegen til feltet. Det er konkretet planar om å utvide skule og barnehage i Halhjemsmarka, det vil såleis vere kapasitet til auke utbygging i området.
<b>ROS</b>	Eit av dei kjente kulturminnene i området er eit klebersteinbrudd, dette må sikrast. Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Delar av området ligg i bratt terren. Det bør gjennomførast geologisk vurdering av stabilitet før vidare utbygging.

**Vurdering:** Del av området vert lagt inn i planen. Planavgrensing følgjer same kote oppover som for tilgrensande område i sør. Krav om reguleringsplan. Tilhøve til kulturminner må særleg utgreiast. Fortau fram til feltet bør etablerast.

**Stad: Halhjemsmarka IV.**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	34	4.B7

**Beskrivelse av området:** Området er LNF område i gjeldande plan, men er påført tekst som framtidig bustadområde. Området består av barskog på høg og middels bonitet og grunnlendt mark.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er nøyare kartlagt med tanke på naturtypar i 2008. Det er registrert to naturtypeområder med A-verdi som går inn i området. Det er ingen kjente kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Bjørnatrynet er i dag eit stort skogsområde. Det går sti rundt Bjørnetrynet som er ein del brukt, området vil ikkje berøre denne stien.
<b>Infrastruktur</b>	Området får tilkomst gjennom Halhjemsmarka. På sikt kan vegen førast vidare til Bjørnen. Det er konkretet planar om å utvide skule og barnehage i Halhjemsmarka, det vil såleis vere kapasitet til auke utbygging i området.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Behov for ev. trafikksikring langs Halhjemsmarka må utgreiast.

**Vurdering:** Føreslått utbygging har direkte konflikt mot to mindre naturtypeområde av A-verdi. Det er i naturtypekartlegginga sagt at det kan byggast skånsomt inn mot grensa av verdiområda. Innspelet vert redusert av omsyn til verdiområda medan resten av innspelet vert lagt inn.  
Eksisterande turstigar og grønstruktur må ivaretakast. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Ytre Lekven /</b>		<b>Lekvenvegen</b>	
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	36/ 19	4.B8

**Beskrivelse av området:** Området ligg i eit større samanhengande LNF-område. Det ligg derimot fleire andre bustadhuis i nærleiken og det er ikkje tunge landbruksinteresser knytt til dette området. Området består av fulldyrka jord, lauvskog på svært høg bonitet og barskog på grunnlendt mark.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst via Lekvenvegen, som er ein smal og til dels uoversiktleg gamal veg. Lekvenvegen bør utbetraast før vidare utbygging i området. Eksisterande kryss med E39 (Lekven/Lunde) er ikkje fullgodt.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Lekvenvegen bør utbetraast før vidare utbygging. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Særvoldsvegen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	21	4.B9

**Beskrivelse av området:** Området ligg i eit større samanhengande LNF-område. Det ligg derimot fleire andre bustadhuis i nærleiken og det er ikkje tunge landbruksinteresser knytt til dette området. Det er starta reguleringsarbeid på delar av området (varsla motsegn).

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg utanfor det området som er definert som kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Tilkomst til Særvollsvika går gjennom området, som er eit mykje nytta turmål, og samstundes har ein del trafikk til småbåthamna.
<b>Infrastruktur</b>	Området har tilkomst frå Særvoldsvegen som er bratt og vanskeleg vinterstid. Det er nyleg lagt offentleg vatn og kloakk til Særvoldsvika, kloakken vert pumpa opp og går ut i eks. reinseanlegg i Lekvenvågen. Det er ca 2 km til Søre Neset skule.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Reset</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	3	4.B21

**Beskrivelse av området:** Området er eit innklemt landbruksområde, som ligg mellom eksisterande bustadhuis.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg i randsona til det området som er definert som kjerneområde for landbruk
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Kort veg til skule. Ingen kjente friluftslivsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Må vurdere lokalvegfuksjonen i området, sett i forhold til bruken som GS-veg.
<b>ROS</b>	Ingen kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

**Stad: Lekven**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	4	4.B22

**Beskrivelse av området:** Området er LNF-område i gjeldande arealplan, og ligg på dyrka mark.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg på dyrka mark, innanfor det som er definert til kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen kjente friluftslivsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Smal veg i området, må utbetraast for å tolle meir trafikk.
<b>ROS</b>	Inga kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

**Stad: Klasavegen**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	2	4.B23

**Beskrivelse av området:** Området er eit innklemt landbruksområde, som ligg mellom eksisterande bustadhús.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg på dyrka mark, men ikkje innanfor kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen kjente friluftslivsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Adkomstvegen til området passerer skulen, og vegen er smal, utan fortau. Vegen bør utbetraast før ein legg opp til meir trafikk forbi skulen.
<b>ROS</b>	Vil generere trafikk på skoleveg. Trafikktryggleik må vurderast særskilt.

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

**Stad: Lekvenvegen**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	2	4.B24

**Beskrivelse av området:** Området ligg i tilknytning til eit eksisterande, lite bustadfelt. Arealbruken er lauvskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg ikkje innanfor kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen kjente friluftslivsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Lekvenvegen er smal, og ikkje eigna for auka trafikk. Må på sikt rustast opp.
<b>ROS</b>	Inga kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

### Stad: Torkjelsvegen

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	1	4.B25

**Beskrivelse av området:** Området er eit inneklemt

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen kjente kulturminne eller naturverdiar i området. Ligg ikkje innanfor kjerneområde for landbruk.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Kort veg til skule. Ingen kjente friluftslivsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Må vurdere lokalvegfuksjonen i området, sett i forhold til bruken som GS-veg.
<b>ROS</b>	Inga kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspela er lagt inn i planen.

### Stad: Lekvenvatnet

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	3	4.B26

**Beskrivelse av området:** Området er i dag landbruksområde /jordbruk.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Området er ein del av kjerneområde for landbruk. Elles ingen kjente verdiar.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Grensar til mykje brukte områder ved Lekvenvatnet, men er ikkje i direkte konflikt.
<b>Infrastruktur</b>	Vil måtte bruke Torkjelsvegen som atkomstveg.
<b>ROS</b>	Inga kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan

### Stad: Vågadalen

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
Byggeområde-Friområde	Bustad framtidig	1	4.B27


**Beskrivelse av området:** Området er eit "frimerke" som ligg i eit kryss i svært lokale atkomstvegar. Det er i dag lauvskog/kratt.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
Natur, kultur, landbruk	Det er inga registrerte verdiar i området.
Friluftsliv, helse, barn og unge	Det er ikkje truleg at det er bruk, men det ligg nær sjøkanten, drygt 30m.
Infrastruktur	Denne utbygginga kan bruke eksisterande infrastruktur.
ROS	Inga kjente risikomoment i området

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen.

## Krins 5: Søre Øyane



**Generelt:**

Offentleg kloakk på Søre Øyane er lite utbygd. Dei fleste hus har eigne, private løysingar. Hovudplan for avløp har som eit prosjekt sanering av utslepp til innelukka pollar og vikar i Lepsøy, Sundøy og Røttinga. Det skal utarbeidast eigen saneringsplan for området i 2012. Angående offentleg vatn, ligg det heilt til snuplassen. Hovudplan for vassforsyning foreslår ein ringleidning frå Halhjem til Lepsøy og ein ringleidning frå Sundøy til Sørstrøno for å trygge vassforsyninga. Ingen av desse leidningane vil stå ferdig før mot slutten av planperioden. Søre Øyane skule har kapasitet til å ta imot 105-130 elevar. Med dette elevtalet vil skulen ha greitt med både allmeint og spesialisert læringsareal. Skulen har eigen gymsal med god kapasitet. Krinsen har eigen barnehage.

**Mindre justeringer:**

**Sundøytangen:** Harald Bøthun, 29/3, ønskjer å omdisponere del av tomt fra jord/skogbruksareal til bustadareal. Han meiner tomta ligg innklemt mellom veg og det nye bustadfeltet Jonsokhaugen og er såleis lite eigna til jord/skogsbruk.

Vurdering: Området er del av reguleringsplan for Sundøyhagen. I gjeldande reguleringsplan er dette området regulert som landbruksareal, ev. endring må gjerast i samband med endring av reguleringsplanen.

**Lepsøy:** Hildegunn Lepsøy ønskjer å utvide byggeområde for bustad med 2-3 daa bak 31/7.

Vurdering: Område er LNF-område i dag. Utvidingar er lagt inn i planen som eksisterande bustadområde.

<b>Stad: Riddarhaugen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	9	5.B1

**Beskrivelse av området:** 31/157 er på ca. 1,5 daa, 31/127 er på ca. 8,5 daa. Området ligg mellom Riddarhaugvegen og Mørkevågen og grensar inn til område som er sett av som byggjeområde for hytter på Storhaugen. Det ligg fleire eksisterande bustadhus rett i nærliken. Området består av barskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Ingen landbruksinteresser i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert friluftsinteresser innan området.
<b>Infrastruktur</b>	Området får tilkomst frå Riddarhaugen, som er ein privat veg, tilkomsten må utbetraast før vidare utbygging. Det er om lag 2,3 km til Søre Øyane skule.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Det vert lagt inn buffersoner mot sjø på 30 meter. Tilkomstvegen må utbetraast.

### **Stad: Gjelevika**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	3	5.B4

**Beskrivelse av området:** Arealet ligg som LNF- område i gjeldande arealplan, men ligg mellom areal sett av som framtidig byggjeområde for næring og eit lite byggjeområde for bustad. Området består av barskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Tilkomst til bakanforliggende skogsområdet må sikrast.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ein må sikre god tilkomst til bakanforliggjande LNF-område/turområde. Det går tursti gjennom området i dag.
<b>Infrastruktur</b>	Området får tilkomst frå eks. veg som har brukbar standard. Trygg skuleveg.
<b>ROS</b>	Moderat skogbrannfare kombinert med noko lengre uttrykkingstid. Nærleik til næringsområdet må avklarast.

**Vurdering:** Krav om reguleringsplan.

### **Stad: Leitet, Røttingen**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
Friområde	Bustad framtidig	8	5.B5

**Forslag:** Elling Røttingen, 29/4, ønskjer at buffersone mot sjø blir redusert frå 50 til 30 meter, slik at den stemmer med godkjent frådeling i området.

**Beskrivelse av området:** Det ligg alt ei frådelte tomt i buffersona, frådelt i 2003. Det er såleis ikkje urimeleg at buffersona blir redusert. Området er relativt bratt mot sjøen, men det kan byggjast på flata ut mot skråninga. Området består av overflatedyrka jord, innmarksbeite og blandingsskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Det er ingen store landbruksinteresser i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Utviding av bustadområdet får ingen negative konsekvenser for friluftslivsinteressene i området.
<b>Infrastruktur</b>	Dette er ei mindre utbygging, området får tilkomst frå eks. vegar.
<b>ROS</b>	Ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Dette er ei mindre utbygging, kan ikkje sjå at det medfører negative konsekvenser for nokon. Det som derimot er viktig er at utbygginga ikkje kjem for langt ut på kanten ned mot Skitnevågen.

### **Stad: Torsneset**

Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	21	5.B7

**Forslag:** Nils Røttingen, 92/34, har utarbeida framlegg til reguleringsplan for Torsneset.

**Beskrivelse av området:** Området ligg sør for eksisterande utbygging på Torsneset. Det er lagt inn god buffer mot sjø, og yste del av neset er sikra som LNF-område. Det er lagt inn eit friområde mot sjø, yst i Skitnevågen. Området består av barskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Det er ingen store landbruksinteresser i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn</b>	Det går eksisterande tursti til Røtingtangen fyr gjennom området.

<b>og unge</b>	Denne turstien er ivaretatt i framlegg til reguleringsplan.
<b>Infrastruktur</b>	Tilkomstveg fra snuplass på fylkevegen må utbetraast. Det er om lag 2 km til Søre Øyane skule. Det ligg barnehage i nærleiken.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskild. Ellers ingen kjente risikomoment i området.

**Vurdering:** Tursti til Røtingtangen fyr må takast vare på. Området vert lagt inn i planen i samsvar med framlegg til reguleringsplan.

<b>Stad: Lepsøy</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	5	5.B21

**Forslag:**


**Beskrivelse av området:** Området ligg i ei skogkledt skråning bak nokre eksisterande bustadar.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Inga kjente verdiar i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert bruk i området. Ligg nære regionalt viktig område, men litt utanfor.
<b>Infrastruktur</b>	Må truleg få tilkomst frå Lepsøyneset. Atkomstvegen frå Lepsøyvegen bør vurderast i høve til trafikkmengde og sikker skuleveg. Opprusting kan vere aktuelt. Ca 1,3 km til skule.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann.

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

## Krins 6: Nore Neset



**Generelt:** Det meste av Nore Neset er knytt til offentleg kloakk. Det er bygd eit fullverdig reinseanlegg i Skeisleira. Utfordinga er at Skeisosen er eit lukka fjordbasseng og kapasiteten på eks. utlepp er nådd. Hovudplan for avløp har som eit strakstiltak sanering av leidningsnettet for å få ned mengda av overvatn inn på reinseanlegget. I 2010 skal arbeidet starte med å overføre eksisterande utslepp til Skeisosen til Ulvenvegen og eit nyt sentralreinseanlegg mot Bjørnefjorden. Angående offentleg vatn, er det stort sett godt utbygd i heile krinsen. Når det gjeld kapasitet på skulen vil ein fort nå kapasitetsgrensa ved ei større utbygging i krinsen. Nore Neset skule har kapasitet til å ta imot 340-430 elevar. Skulen vil med dette elevtalet ha greitt med både allment og spesialisert læringsareal. Skulen har svært gode tilhøve og god kapasitet på kroppsøvingsareal i Nore Neset aktivitetshus. Det er behov for ny barnehage i krinsen.

### **Mindre justeringer:**

**Skeisleira:** Nils Ingolf Sagebakken, 34/463, ønskjer at tomta, frådelt i 2001, vert lagt inn som bustadområde, slik den var i den førre arealplanen.

Vurdering: Tomta og nabotomta 34/127 er lagt inn som utviding av byggjeområde for bustad.

**Skeisbotn, øvre (6.B05):** Det er godkjent eigen reguleringsplan for området. Eigedommen er Ole Håkon Lunde sitt tidlegare rosegartneri på 34/57. Området er på 7030 m<sup>2</sup> og ligg omgitt av bustader. Området ligg også mellom områder som er sett av til bustad i gjeldane arealplan.

Vurdering: Området er lagt inn i planen i samsvar med godkjent reguleringsplan.

**Hagavik:** E. Fermann Schei, 34/38,59,64, ønskjer at bustadområde vert utvida slik at han kan byggje garasje og at huset kjem innanfor byggjeområdet.

Vurdering: Grensa er justert slik at hus på 34/62 og 34/63 og del av 34/59 kjem innanfor byggjeområdet og slik at han kan byggje garasje. Buffersone mot sjø er oppretthalde.

**Skeisflaten:** Området mellom Nore Neset kyrke og Lyssand gartneri er tett utbygd av eksisterande bustader og er lagt inn i planen som eksisterande bustadområde.

**Hagavik:** Grete Færøvik, 34/429, ønskjer at bustadområde vert utvida slik at tomta som er godkjent frådelt i 1992 og gitt konseksjon i 1996 kan byggjast på.

Vurdering: Tomten grenser mot område satt av til bustad, byggjområdet er utvidast slik at tomta kan byggjast på, samstundes som dalen i bakkant av tomta er vist som friområde/grønt område.

<b>Stad: Tuen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	5	6.B1

**Beskrivelse av området:** På 38/10 ligg det i dag eit bustadhus, garasje og uthus. På 37/1 er det i dag ingen hus, det er søkt oppstart av privat reguleringsplan på denne eigedomen. 38/13 er ei enkelttomt på ca. 850 m<sup>2</sup>, frådelt i 1945, som ligg midt inne i området. Området består av innmarksbeite og lauvskog på svært høg bonitet.

### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ingen kjente kulturminner i områder. Det er ingen store landbruksinteresser i området. Tilkomst til bakanforliggende skogsområder må sikrast.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det går tursti gjennom området opp til Liafjellet som er eit mykje brukturområde.

<b>Infrastruktur</b>	Det er nyleg lagt offentleg vatn og kloakk langs fylkesvegen nedanfor feltet. Tilkomst til feltet er relativt bratt og må vurderast nøye.
<b>ROS</b>	Krav om geologisk vurdering av området før utbygging.

**Vurdering:** Det er fleire grunneigarar som har planar om utbygging i området. Området ovanfor fylkesvegen vert lagt inn i planen. Det ligg ein del eksisterande bustader og gamle frådelte tomter i området. Området er del av eit større LNF-område i gjeldande plan. Tursti gjennom området må sikrast. Geologisk vurdering må bli ein del av arbeidet med reguleringsplan.

<b>Stad: Dahlsvegen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad fram/eks.	11/8	6.B7

**Beskrivelse av området:** To små områder, eit ligg mellom Dahlsvegen og område for utviding av Nore Neset gravplass. Det andre ligg like inn for starten av Dahlsvegen. Området i starten av vegen består av to frådelte byggetomter, frådelt i 1989. Det inste området består av to tomter, frådelt i 1967 og 1996 og ein del av ein større eigedom. Områda består av fulldyrka jord (ca. 4 daa) og barskog på høg og svært høg bonitet.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det bør sikrast gjennomgående skuleveg fra området ved Dahlsvegen til Nore Neset skule.
<b>Infrastruktur</b>	Området får tilkomst fra Dahlsvegen som er ein smal veg utan fortau. Tilkomstvegen må utbetraast før vidare utbygging. Det ligg offentlege leiningar i nærleiken.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.

**Vurdering:** Området grensar inn til byggjeområde for bustad i gjeldande plan, samstundes som det er sikra ei god buffersone rundt areal som er sett av til offentleg føremål. Krav om reguleringsplan

<b>Stad: Djupevika</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
Byggeområde - friområde	Bustad	6	6.B21

**Beskrivelse av området:** Området er skogdekt og ligg mellom eksisterande einebustader og sjøkanten, ca 60 meter fra sjøen.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ikkje registrert viktige natur-, kultur eller landbruksinteresse i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje registrert viktige friluftslivsinteresse, men området ligg innanfor 100m-beltet og det bør undersøkast om området er i interessa til ålmenta før det vert regulert.
<b>Infrastruktur</b>	
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen. Krav om ålmenta sine interesser i området vert kartlagt. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Hagavik</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område

LNF	Bustad	2	6.B22
<b>Beskrivelse av området:</b> Området er ei frimerke innimellom eksisterande bustadar.			
<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:</b>			
<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>		
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er inga kjente viktige verdiar i området.		
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er ikkje kjent friluftsbruk i området.		
<b>Infrastruktur</b>	Brukar eksisterande veg.		
<b>ROS</b>	Moderat skogbrannfare.		

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Skeisleira</b>			
Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	10	6.B24


**Beskrivelse av området:** Området ligg i dag som LNF og er dekt av skrinn skog i eit hellande terrengr.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er inga kjente natur-, kultur eller landbruksinteresse i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det er inga kjente friluftsinteresse registrert.
<b>Infrastruktur</b>	Vegtilkomst må løysast.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.

**Vurdering:** Innspelet er lagt inn i planen. Krav om reguleringsplan.

## Krins 7: Nore Øyane



**Generelt:** Nore Øyane barnetun har kapasitet til å ta imot 50-60 elevar. Skulen har svært lite spesialisert læringsareal. Skulen har eigen gymsal som med god kapasitet. Når det gjeld vassforsyning er det planar om å legge offentleg vassleidning på Sørstrøno, til eit planlagt vassbasseng. Det er òg planar om å legge offentleg vatn ut til Forstrøno og Skorpo. I siste del av planperioden er det planar om å forlenge offentleg vassleidning fram til veg til Ervikane på Nordstrøno og fram til kaien på Sørstrøno. Når det gjeld avlaup, er det planar om å samle og etabler eit eige reinseanlegg på Sørstrøno mot slutten av planperioden.

### Mindre justeringer:

**Øyjordsvik, Nordstrøno:** Torill Lyssand Rød, 27/374, ønskjer at eigedomen blir omgjort i frå framtidig friområde til bustad.

**Vurdering:** Halve tomta ligg innanfor byggjeområde for bustad. Bustadområdet kan utvidast slik at huset på 374 og huset på nabotomta, 27/84 kjem innanfor området.

<b>Stad: Sørstrøno</b>			
Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	LNF, spreidd	23	7.B02

**Beskrivelse av området:** Området på oppsida av vegen er del av eit større LNF-område som er opna for spreidd bustadbygging med 10 nye bustader. Området på oppsida av fylkesvegen vart bygd ut som eit lite bustadområde tidleg på 80-talet. Området er i dag tilplanta med gran som snart skal hoggast. Området består av barskog på høg og svært høg bonitet.

### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
Natur, kultur, landbruk	Ingen registrert kulturminner i området.
Friluftsliv, helse, barn og unge	Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
Infrastruktur	Området har tilkomst frå fylkesvegen til Sørstrøno, denne vegen er til dels smal og utan fortau. Planlagt å etablere ringleidning for vatn forbi området på slutten av planperioden. Det er ikkje offentleg avlaup i området. Det er om lag 2,2 km til Nore Øyane skule.
ROS	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Manglar forau langs veg.

**Vurdering:** Området er lagt inn som utviding av LNF-området, som er opna for spreidd utbygging med 10 nye hus i planperioden.

<b>Stad: Sveingard sør</b>			
Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	86	7.B03

**Beskrivelse av området:** Området ligg like ved Nore Øyane skule, på andre sida av fylkesvegen. Det er òg lagt inn eit område for barnehage i tilknytning til bustadområdet. Området består av grunnlendt mark med barskog med høg bonitet.


### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
Natur, kultur, landbruk	Tilkomst til bakanforliggjande skogsområder må sikrast. Funn av sjeldan lavart i planområdet. Det bør undersøkast nærmare før utbygging.
Friluftsliv, helse, barn og unge	Ingen registrert friluftsinteresser i området.

<b>Infrastruktur</b>	Det må etablerast fortau langs Strønevegen frå feltet til skulen og det må sikrast trygg kryssing..
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Obs, noko lengre responstid. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.

**Vurdering:** Området ligg sentralt i krinsen. Krav om reguleringsplan.

## Krins 8: Lysefjorden



## **Generelt**

Det er bygd eit fullverdig reinseanlegg i Søvikvågen. Utfordinga er at inste del av Lysefjorden er eit lukka fjordbasseng og kapasiteten på eks. utlepp er nesten nådd. Hovudplan for avløp har som eit strakstiltak oppgradering av reinseanlegget. Mot slutten av planperioden er det planar om avløpssanering i Lysefjorden. I 2017 skal arbeidet starte med å overføre eksisterande utslepp til Lysefjorden til nytt sentralreinseanlegg mot Bjørnefjorden. Angående offentleg vatn, er området rundt Søvik forsynt frå Søvik vassverk. Det er planar om å koble Søvik vassverk saman med Os vassverk i midten av planperioden. Det er relativt bra kapasitet på skulen. Lysekloster skule har kapasitet til å ta imot 115-140 elevar. Skulen har godt med spesialromsareal. Skulen har eigen gymsal med god nok kapasitet. Det er også relativt bra kapasitet når det gjeld barnehageplass.

## **Mindre justeringer:**

**Åsen:** Byggjeområde er justert ved at bebygde eigedomar er gått over frå framtidig til eksisterande byggjeområde for bustad.

**Nordstraumen:** Byggjeområde for bustad er justert i samsvar med godkjent reguleringsplan.

**Søviknes:** Paul Kr. Søviknes, 17/187,188, søker om at han eigedom vert gjort om til byggjeområde for bustad. Dette gjeld ein etablert bustadeigedom som ligg i LNF-område. Det ligg fleire slike bustadtomter på Søvikneset og for øvrig rundt i heile kommunen. Det er vanlegvis ikkje aktuelt å gjere om enkeltomter til byggjeområde for bustad. I dette tilfellet vedtok Forvaltningsstyret (det faste utval for plansaker) å leggje denne tomta inn som byggjeområde for bustad.

**Nesjaryggen:** Byggjeområde er justert ved at bebygde eigedomar er gått over frå framtidig til eksisterande byggjeområde for bustad.

**Drange:** Byggjeområde er justert ved at bebygde eigedomar er gått over frå framtidig til eksisterande byggjeområde for bustad. Området er litt utvida då det er godkjent og bygd ein del hus rett utanfor byggjeområdet.

<b>Stad: Hellebakkane/ Søvik</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	83	8.B01

**Beskrivelse av området:** Området består av to deler. Område 1 ligg ovanfor Søvikvegen, mellom eksisterande frådelte bustadtomter. Område 2 ligg mellom Hellebakkane og den nye fylkesvegen mellom Åsen og Søvik. Område 1 består av lite byggjeområde til 2 bustadtomter nær eksisterande bustadområde. Del av eigedomen ligg alt innanfor det som er sett av til byggjeområde i gjeldande plan. Området ned mot vegen og nedanfor vegen ligg som del av eit større LNF-område. Dette LNF-området er eit små-kupert kulturlandskap som er viktig å ta vare på. Området 1 består av fulldyrka jord, innmarksbeite og lauvskog. Område 2 er utviding av eksisterande bustadfelt fram mot den nye vegen. Det er også lagt inn ei utviding av areal til offentleg føremål (skule/ idrettsanlegg/ barnehage). Område 2 består av myr og grunnlendt mark med barskog med middels, høg og svær høg bonitet.

## **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området. Søviktunet ligg like utanfor området og det er viktig å ta vare på kulturlandskapet rundt tunet.
<b>Friluftsliv, helse, barn</b>	Skulen og barnehagen brukar ein del dette området til ulike

<b>og unge</b>	uteaktiviteter.
<b>Infrastruktur</b>	Område 1 vil få tilkomst via eksisterande avkjørsel fra Søvikvegen, som er ein fylkesveg. Det ligg offentlege leidningar i nærleiken, men ikkje tett opp til dette området. Område 2 må få tilkomst frå utbygd område ved Hellebakkane/Revåsen. Avlaup må pumpast opp eller leggjast i ny sjølvfallsleidning til Søvikvågen.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Blir liggande nær ny fylkesveg. Trafikktryggleik og skuleveg må sikrast.

**Vurdering:** Skal byggjeområdet utvidast inn i dette området bør det gjerast etter ei totalvurdering der viktige landskapstrekk vert teke vare på. Området ovanfor fylkesvegen, mellom eksisterande hus og frådelte tomter, vert lagt inn i planen som utviding av eksisterande byggjeområde for bustad. Krav om reguleringsplan for område 2.

<b>Stad: Drange</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	LNF, spreidd	20	8.B2

**Beskrivelse av området:** Det er mogeleg å utvide LNF-ja til bustadområda, slik at dei omfattar meir av 23/1. Dette gjeld område 80, der det er tillatt bygd 4 nye hus, og område 83, der det er tillatt bygd 2 nye hus. De nye området består av barskog på høg og svært høg bonitet.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Det er ein gammal heller i nærleiken som er eit automatisk freda kulturminne, eller ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Området ligg heilt i enden av Drangsvegen, som er ein fylkesveg. Både Drangsvegen og tilkomstvegen vidare er smal og utan fortau. Det er om lag 4,5 km frå området til Lysefjorden skule.
<b>ROS</b>	Vatn til brannslokking. Tilkomstveg og skuleveg.

**Vurdering:** LNF-område, opna for spreidd bustadbygging vert utvida mot nord i samsvar med innspel og vil òg omfatte 23/12. Det vert opna for 8 nye hus i området i løpet av planperioden.

<b>Stad: Sperrevik</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	138	8.B03

**Beskrivelse av området:** Området ligg ovanfor eksisterande bebyggelse langs Sperrevikvegen, mellom Nordstraumen utbyggingsområde og Sagstad utbyggingsområde i Bergen. Området vil få felles tilkomst med øvre del av Nordstraumen utbyggingsområde. Område består av grunnlendt mark med barskog med middels, høg og svær høg bonitet. Del av området er myr rundt eit lite vatn.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området. Men det er potensielle funn innan området..
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Området har blitt litt brukt til leik av omkringliggende bustader. Tilkomst til bakanforliggende skogsområder må sikrast.
<b>Infrastruktur</b>	Området får felles tilkomst med del av Nordstraumen utbyggings-selskap og kan knyte seg til eks. leidningsanlegg. Det skal etablerast fortau og sikker skuleveg til Lysekloster skule. Det er om lag 2 km frå

	starten av utbyggingsområdet til skulen.
<b>ROS</b>	Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann. Trafikktryggleik og skuleveg må sikrast.

**Vurdering:** Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Sjøbøhaugane</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	192	8.B04

**Beskrivelse av området:** Området ligg mellom Hellebakkane og industriområde i Åsen, nord for den nye fylkesvegen. Området vil få tilkomst fra den nye fylkesvegen.

Område består av uproduktiv skog og grunnlendt mark med barskog med middels og høy bonitet.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området. Lyseskloster ruinar ligg rett nord for området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Sjøbøelva renn gjennom området, det er lagt inn buffer mot elva. Det er registrert flere sjeldne arter av augnestikkarar rundt Sjøbøelva.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst fra den nye fylkesvegen. Det må etablerast nytt leidningsanlegg fram til området. Det blir forholdsvis sikker skuleveg til Lysekloster skule.
<b>ROS</b>	Sjøbøelva. Geologisk vurdering av enkelte bratte skråninger. Tilkomst m brannbil må sikrast. Sløkkevatn må dimensjonerast for skogbrann.

**Vurdering:** Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Florshaugane</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad framtidig	175	8.B05

**Beskrivelse av området:** Området ligg mellom Hellebakkane og industriområde i Åsen, sør for den nye fylkesvegen. Området vil få tilkomst fra den nye fylkesvegen.

Område består av uproduktiv skog, grunnlendt mark med barskog, blandingsskog med høy og svært høy bonitet.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Det bør etablerast gangveg gjennom området fra Åsen til Hellebakkane. Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst fra den nye fylkesvegen. Det må etablerast nytt leidningsanlegg fram til området. Det blir forholdsvis sikker skuleveg til Lysekloster skule.
<b>ROS</b>	Geologisk vurdering av enkelte bratte skråninger.

**Vurdering:** Krav om reguleringsplan.

<b>Stad: Åsen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	10	8.B06

**Beskrivelse av området:** Eit lite område som ligg heilt sør i Åsen, mellom området som er sett av til bustad og området som er bandlagt av forsvaret. Området er delvis utbygd i dag.

Område består av mindre lettbrukt fulldyrka jord ( ca. 7 daa) og barskog med høy og svær høy bonitet.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området. Området ligg nært til Åsatjørnane og starten av Sjøbøvelva. Det er registrert fleire sjeldne arter av augnestikkarar rundt Sjøbøvelva.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Området har tilkomst fra fylkesvegen gjennom Åsen, men tilkomsten må utbetraast. Det er ikkje offentlege leidningsanlegg fram til området. Det er forholdsvis lang og uthygg skuleveg til Lysekloster skule.
<b>ROS</b>	Nærleik til Åsatjørnane. Ligg i raud støysone frå skytebane på Ulven. Trafikktryggleik og skuleveg må sikrast.

**Vurdering:** Stort sett fortetting av eksisterande byggeområde.

<b>Stad: Nesjaryggen</b>			
Naværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	25	8.B07

**Beskrivelse av området:** Eit lite område som ligg vest for vegen til Søvikneset. Området er delvis utbygd i dag. Det ligg eit gårdstun og 2 frådelte tomter innan området. Det er frådelte og bebygde tomter rundt på alle sider.


Området består av innmarksbeit og lauvskog med svær høg bonitet og anna uproduktiv skog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste</b>
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Tilkomsten til området må utbetraast. Det er ikkje offentlege leidningsanlegg fram til området. Det er forholdsvis uthygg skuleveg til Lysekloster skule.
<b>ROS</b>	Trafikktryggleik og skuleveg.

**Vurdering:** Stort sett fortetting av eksisterande byggeområde. Krav om reguleringsplan.

## Krins 9: Hegglandsdalen og Indregardane



<b>Stad: Heggland</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Bustad	18,8	9.B01

**Beskrivelse av området:** For 73/3 er det snakk om ca. 14 daa, for 73/5 er det snakk om ca. 7 daa som byggjeområde for bustad. For 73/4 er det godkjent eigen reguleringsplan. Området består av litt fulldyrka jord, innmarksbeite og lauvskog.

**Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen registrerte friluftsinteresser i området.
<b>Infrastruktur</b>	Området vil få tilkomst fra Hegglandsdalsvegen, som er ein fylkesveg. Offentleg vatn og avløp er lagt fram til sørrenden av feltet. Kommunen har ikkje planar om å forlenge dei offentleg leidningane før mot slutten av planperioden. Det er om lag 2 km til Hegglandsdalen skule, Hegglandsdalsvegen er til dels smal og utan fortau.
<b>ROS</b>	Geologisk vurdering av terreng før utbygging. Trafikktryggleik og skuleveg må sikrast.

**Vurdering:** Området grensar inn til område som er sett av til bustad. Byggjeområdet for bustad er utvida. Utbygd område er lagt inn som eksisterande byggjeområde. Krav om reguleringsplan.

## NYE HYTTEOMRÅDER:

### Krins 4: Søre Neset

<b>Stad: Ytterøy</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Hytte	2	4.H1

**Beskrivelse av området:** Hytteområdet på Ytterøy er utvida litt i vest og grensa er justert litt i sør. Det omsøkte området ligg i dag som LNF område i gjeldande arealplan, men grenser til eit område som er satt av til fritidsbustader, samt at det ligg i eit etablert hytteområde. På eigedommen i sør ligg det fritidsbustad samst anneks til fritidsbustad i dag. Eigedomen i vest er ubebygd. Området består av barskog på svært høg bonitet.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Ingen registrerte friluftsinteresser i området, med Ytterøy ligg i eit regionalt båtfartsområde.
<b>Infrastruktur</b>	Ingen konsekvens
<b>ROS</b>	Noko skogbrannfare. Dårleg brannberedskap på øyane.

**Vurdering:** I sør vert område for framtidig hytteområde er dreia litt slik at del av 43/52 kjem innanfor byggeområde. I vest vert hytteområde utvida litt i to retninger rundt eksisterande frådelt og bebygd fritidseigedom.

### Krins 6: Nore Neset

<b>Stad: Austre Hølen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	LNF, ja til hytte	7	6.H1

**Beskrivelse av området:** Eigedomen ligg i eit større LNF-område. Området består av barskog på svært høg bonitet.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Den indre skjergarden er del av eit regionalt båtfartsområde, men denne delen av Skeisosen er mest brukt lokalt til naust og båtplassar.
<b>Infrastruktur</b>	Området må få ny tilkomst frå Lepsøyvegen, som er ein fylkesveg. Det ligg offentleg vatn i nærleiken, men ikkje offentlege kloakkledningar. Sjøområdet Skeisosen er ein sårbar resipient.
<b>ROS</b>	Ingen konsekvens

**Vurdering:** Det er lagt inn i planen eit LNF-område opna for spreidd hyttebygging med plass til 3 nye hytter. Det ligg ei gammal hytte nær området.

### Krins 7: Nore Øyane

<b>Stad: Forstrønen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Hytte fram/eks.	7/2	7.H1

**Beskrivelse av området:** Området er nyleg regulert og dette området er regulert som landbruksområde. Området består av innmarksbeite og barskog.

#### Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste

<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Forstrønesundet er del av eit regionalt båtfartsområde, og blir mykje brukt sommarstid.
<b>Infrastruktur</b>	Området ligg på ei øy som er mykje utbygd med hytter. Det ligg ikkje offentleg vatn eller kloakk i nærleiken. Sjøområdet Forstrønesundet er ein sårbar resipient.
<b>ROS</b>	Høg skogbrannfare. Brannberedskapen på øyane må forbedrast.

**Vurdering:** Justert innspelet vert lagt inn i planen. Byggjeområde for hytter blir utvida slik at dei to tomtene til Johannes Forstrønen og tomta til Wenche Forstrønen kjem innanfor byggjeområdet. Buffersona mot sjø skal forlengast tilsvarende.

<b>Stad: Skorpo sør</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Hytter, naust, ålement	35/1/3	7.H2

**Beskrivelse av området:** Området er LNF-område i gjeldande plan. Det står alt ein god del hytter og større bygningar i den delen av eigedomen som er søkt omgjort til byggjeområde for fritidshus. Det er utarbeida og godkjent eigen reguleringsplan for området.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Inga kjente verdier i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Del av regionalt friluftsområde, merka som svært viktig.
<b>Infrastruktur</b>	Båndlagt av forsvaret.
<b>ROS</b>	Høg skogbrannfare. Brannberedskapen på øyane må forbedrast.

**Vurdering:** Innspelet vert lagt inn i planen i samsvar med eigen reguleringsplan for området.

<b>Stad: Skorpo</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Hytte	1	7.H3

**Beskrivelse av området:** Det er ikkje målebrev på tomta, slik at tomta ikkje viste på vårt kartsystem. Tomta blei frådelt i 1965. Tomta ligg på grensa av det som er sett av som byggjeområde for hytter i gjeldande arealplan. Det er naturleg at byggjeområdet vert utvida til å omfatte heile hyttetomta. Området består av barskog.

#### **Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste:**

Tema	Vurdering av konsekvenser i henhold til sjekkliste
<b>Natur, kultur, landbruk</b>	Ingen registrert kulturminner i området.
<b>Friluftsliv, helse, barn og unge</b>	Indre skjergard er del av eit regionalt båtfartsområde, og blir mykje brukt sommarstid.
<b>Infrastruktur</b>	Området ligg på ei øy som er mykje utbygd med hytter. Det ligg ikkje offentleg vatn eller kloakk i nærleiken.
<b>ROS</b>	Høg skogbrannfare. Brannberedskapen på øyane må forbedrast.

**Vurdering:** Innspelet vert lagt inn i planen, justert og tilpassa topografiens.

## **Krins 8: Lysefjorden**

<b>Stad: Olsknappen</b>			
Nåværende arealkategori	Framtidig	Antall daa	Område
LNF	Hytter	18	8. H2

